



- Dette vart bra! Ronny syner fram det første opptaket til Geirmund Tvedt og Ann Lisbeth Moen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ei jente kjem springande gjennom korridoren. Toalettet er målet, ho stenger døra med ein smell og set seg ned og gret.....**

Dette er ikkje ei hending frå det verkelege livet, men den første innspelte scena i kortfilmen "Mobbeofferet" som fram til våren vil bli laga mellom anna på skulen i Uskedalen. Toalett-scena vart spela inn måndag kveld.

Dei 11 som er med i filmgruppa i Hobbyklubben på bedehuset deltek i produksjonen. Dette er ei ny gruppe, som blir leia av Ronny Lakselv, mannen bak TV Sydvest. Førebels er oppslutnaden altså stor og entusiasmen likeså.. Men det blir spanande å sjå om alle held ut framover hausten og vinteren, for å spela inn film krev utruleg stort tålmod.....

Historia som er bakteppet for filmen har Tove Lill Lakselv skreve. Den handlar om Karin, som ikkje trivst på skulen lenger og som ikkje et. Men ho vil ikkje fortelja til foreldra kva som er gale. Ein dag blir ho mobba på det grøvste på bussen: Ein medelev heller vatn på ho og andre elevar er med på leiken. Og på skulen held marerittet fram. Filmen vil nok gje nokon kvar noko å tenkja på.

Kven som skal spela mobbarar er enno ikkje avgjort, men mobbeofferet vart utpeika ved loddtrekking like før dei første opptaka. Det meldte seg fem jenter som var viljuge og Ann Lisbeth Moen sigra. Dei første scenene klara ho med glans.

No er teamet på jakt etter ein myndig buss-sjåfør frå lokalmiljøet. Er det nokon som melder seg til den rolla?

Av Ola Matti Mathisen



Filmgjengen samla i skulen måndag kveld. Foran sit frå venstre Geirmund Tvedt, Jakob N. Eide, Lill Mari Lakselv, Jeanette Knasbø-Langeland, Ann Lisbeth Moen, Ronny Lakselv og Eirin Kjærland Rørheim. Bak står, frå venstre, Carina Totland Hansen, Silje Mathiesen, Ingvill Tråvik Sture, Ellen Karin Moen og Siv Hanne Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

